



Lom samarbeitlag

Saksbehandlar Kari Sveen

Vår ref. 2021/9601-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 21.09.2021

## Jotunheimen NP - dispensasjon - 2021 - drone - leiting etter sau - Lom samarbeitlag

Viser til søknad ved e-post av 16.09.21.

### Bakgrunn

Lom samarbeitlag v/ leiar Trond Dalsegg har søkt om slik løyve for bruk av drone:  
«Som leiar i Lom samarbeitlag har eg vore i kontakt med Innlandet Droneberedskap v/Morten Hammeren om leiting med drone etter sau. Dette vil begrense seg til å leite etter dyr som ikkje har vorte funne på annan måte. Hammeren gjorde meg merksam på at det måtte sendast melding/innhentast løyve frå Statsforvaltaren.

Leitinga vi skje innafor grensene til Lom kommune og kan koma til å omfatte enkelte landskapsvernområde og delar av Jotunheimen nasjonalpark, kanskje Reinheimen også. Det er på førehand umogleg å seia kvar dette kan bli.

Leitinga vil skje i dei områda der det er sakna sau og vil ta til siste delen av september og så lenge det er behov. I fjor og også ved tidlegare høve har vi brukt småfly utan særleg godt resultat. Reknar det vil vera mykje meire effektivt og betre å sjå ved bruk av drone. Reknar med at dette er ei grei og kurant sak og at vi kan starte ved behov.»

### Om dronebruk knytt til beitenæring – generelt

I brev av 06.03.19 har Miljødirektoratet slik vurdering av dronar i samband med beitenæring:

«For områder med forbud mot bruk av droner kan det både for tamreindrift, sauenæring, oppsynsvirksomhet mv vurderes å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48. De vurderingene som skal gjøres av hjemmelsforhold, naturtilstand, sårbarhet og skjønnsmessige forhold fremgår generelt av Miljødirektoratets "Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter". I tillegg kommer naturligvis en vurdering av miljørettsprinsippene i tråd med Klima- og miljødepartementets sin veileder til naturmangfoldloven kap II. Vi finner det således ikke formålstjenlig å lage særskilte retningslinjer om mulig dispensasjon for bruk av droner i tillegg til disse veilederne. Slike retningslinjer ville under enhver omstendighet måtte bli svært generelle og være til lite hjelp i enkeltsaker. Her må nasjonalpark- og verneområdestyrene uansett gjøre en konkret vurdering opp mot verneformålet og de hensyn som er nevnt ovenfor.»

### Heimelsgrunnlag

#### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til nasjonalparkforvaltar å gjera vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane og i saker etter nml § 48 med etablert forvaltningspraksis.



## Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det tolka at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av nasjonalparken er «- - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep». Vidare er formålet med vernet å ta vare på:


« - - Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi

- - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014. Forvaltningsplanen deler inn verneområdet i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Soneinndeling blir brukt både for å vurdere tekniske inngrep, motorferdsel og bruk av dronar.





## Presedens

Det er dei siste par åra registrert ein vesentleg auke av søknadar om dronedeflyging til ulike tiltak, og det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gitt i verneforskrifta. Mange enkeltvedtak kan skape ein presedensverknad som fører til utholing av verneforskrifta. Det er i tidlegare saker behandla av styret eller arbeidsutvalet opna for avgrensa bruk av drone for filming/fotografering med formål fagleg dokumentasjon og som hjelp ved leiting etter beitedyr. Det er sett skilje mellom dei sårbare grøne sonene og dei meir robuste områda markert med gult på forvaltningsplankartet.

## Vurdering:

Det er viktig å få henta sauene før vinteren. Det er eit svært stort område å leite i til fots, så behovet for hjelpemiddel er til stades. Normalt ville forvaltninga stilt krav om nærare presisering av område for bruk av drone, for å kunne vurdere søknaden opp mot sårbare verneverdiar. Sidan oppdraget er planlagt seinhaustes og utanom yngletid/ hekkesesong kan den likevel vurderast som eit generelt unntak for det aktuelle leiteområdet. Det bør også takast høgde for at søket kan møte utvidast inn mot Utladalen landskapsvernområde, da det ikkje er heilt uvanleg at sau som er sleppt i Leirdalen/Lom kan trekke over mot Gravdalen.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå direkte støyomsyn er tiltaket lite problematisk i høve til dei biologiske verneverdiane. Men dronar kan bli opplevde som framandelement, og kan verke forstyrrende på både fuglar og dyr. Frå folk som ferdast i nasjonalparken har det også kome tilbakemeldingar på at dei opplever dronebruk som forstyrrende og ein lite ønskt aktivitet når ein har oppsøkt fjellområde for å oppleve stillheit og ro – jf. siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*». Det er derfor viktig å vise respekt og halde avstand til både dyr og folk.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i dei aktuelle områda, og flyginga er lagt til tidsrom utanom hekkesesong og yngleperiode. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det likevel alltid viktig å unngå nærføring til rovfugl eller vilt som måtte finnast i området, og ta ned dronen ved observasjon av rovfugl. Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at det er viktig å følgje utviklinga, og innarbeide tydelege føringar for bruk av drone knytt til beitebruk i nasjonalparken ved revisjon av forvaltningsplanen. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn t.d. småfly, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

## Konklusjon

Bruk av drone vil vera mest skånsame hjelpemiddel for å få lokalisert sakna sauar før vinteren. Av omsyn til dyrevelferden bør det leggjast til rette for ein effektiv leiteaksjon.

## Delegert vedtak:

**Med heimel i naturmangfaldlovas § 48, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, får Lom samarbeitlag dispensasjon for bruk av drone for leiting etter sau, i tråd med søknad av 16.09.21.**



Det blir sett følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld i beiteområda innan Lom kommune/Jotunheimen NP.  
Om nødvendig kan søket utvidast til områda mot Gravdalen og Utladalen LVO.
2. Dispensasjonen gjeld frå vedtaksdato og fram til ein har fått søkt i områda der det kan vera sjanse for å finne dei sakna dyra.
3. Flyging nær dyr og fugl skal unngåast. Ved observasjon av rovfugl må dronen takast ned til fuglen har trekt vekk.
4. Det skal haldast god avstand til eventuelle turfolk som er i området.
5. SNO v/ Rigmor Solem skal varslast før ein startar dronesøk innan verneområdet, e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
6. Løyvet skal takast med under oppdraget og kunne visast fram ved ev. kontroll.
7. Nasjonalparkforvaltninga ber om ein kortfatta rapport/e-post om samla omfang av flyging ved avslutning av oppdraget, og seinast 01.12.21.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret innan 3 veker etter motteke vedtak.

Med helsing

Kari Sveen  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Lom kommune	Midtgard	2686	LOM
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Lom fjellstyre	Postboks 94	2686	LOM
Luster Austre fjellstyre			
SNO v/ Rigmor Solem			